

Sjukehusapoteka Vest HF

ÅRSMELDING 2016

VERKSEMD OG FØREMÅL

Sjukehusapoteka Vest HF er eit sjølvstendig helseføretak eigd av Helse Vest RHF med føremål å vera farmasifagleg kompetansesenter i helseregionen. Helse Vest utøvar si styring via eit årleg styringsdokument som blir lagt fram i føretaksmøte mellom Sjukehusapoteka Vest HF og Helse Vest RHF.

Sjukehusapoteka Vest eig og driv sjukehusapotek i Bergen, Stavanger, Haugesund og Førde. Føretaksadministrasjonen er lagt til Bergen. Sjukehusapoteka Vest leiger lokale til drifta ved dei største sjukehusa i Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane. Desse sjukehusa er og Sjukehusapoteka Vest sine hovudkundar. Aktiviteten i verksemda er i all hovudsak knytt til produksjon og sal av legemiddel, og levering av farmasøytisk rådgjeving til sjukehus/ institusjonar og til pasientar/ publikum.

FOKUSOMRÅDER I 2016

Volumet av legemiddel levert til sjukehusa og talet på ekspederte reseptar har auka dei siste åra. Samstundes som prisar og marginar på legemiddel har flata noko ut i Noreg held trenden fram i spesialisthelsetenesta med overgang til nye, innovative og meir kostbare legemiddel. Utviklinga fører til at inntektene for Sjukehusapoteka Vest ikkje aukar parallelt med aktivitetsauken. Dette krev kontinuerleg arbeid med effektivisering av både drift og administrative prosessar. Som eit ledd i dette er det investert i betre logistikksystem og lagerautomatar som gjev både meir effektive logistikkprosessar og auka tryggleik for levering. Samstundes har føretaket etablert eit prosessbasert verksemdsstyringsystem som har til føremål å effektivisere og kvalitetssikre felles arbeidsprosessar for apoteka, og igjen betra pasienttryggleik. Prosjektet vart avslutta i 2016, men arbeidet vert vidareført som del av drifta i 2017. Føretaket har implementert ny beredskapsplan som blei vedteke i styremøte 17.12.2015. Planen er òg prøvd ut i samband med beredskapssituasjonar ved Sjukehusapoteket i Stavanger siste halvår 2016.

SAV deltek aktivt i arbeid med forbetring av pasienttryggleik og kvalitet på legemiddelområdet i Helse Vest gjennom ei rekke ulike tiltak som til dømes :

- Deltakar i Program for pasienttryggleik (lokale og regionale prosjekt)
- Deltakar i KULE-prosjektet (utvikling og utprøving av elektronisk kurve; kliniske prosessar, legemiddellogistikk, lukka legemiddelsøyfe).
- Aktiv deltaking i legemiddelkomitear lokalt og regionalt.
- Deltakar i arbeidsgruppe for utarbeiding av samarbeidsavtale mellom kommunane og helseføretaka på legemiddelområdet.
- Prosjekteigarskap til og deltaking i prosjektet Produksjonsstøttesystem i Helse Vest.

Gjennom deltaking i regionalt Legemiddeltryggleikprosjekt og KULE prosjekt bidreg SAV til å utvikle funksjonelle grensesnitt mellom kurveløysing, kjernejournal og legemiddellogistikk som på sikt kan gje grunnlag for etablering av lukka legemiddelsøyfe i Helse Vest. Ein viktig føresetnad for lukka legemiddelsøyfe er tilgang på legemidlar som eindose. SAV har starta eit arbeid med å sjå på ulike løysingar for eindose i Helse Vest, med

spesielt fokus på lukka legemiddelsløyfe i nytt sjukehus i Stavanger. Ein viktig del av dette framover er implementering av nye strekkodar som og er ein føresetnad for å tilfredstille nye EU-krav (forfalskningsdirektivet). Sjukehusapoteka Vest starta mot slutten av 2016 opp eit prosjekt for anskaffing av Produksjonsstøttesystem for legemiddel i Helse Vest. Prosjektet er tett knytt opp mot det regionale arbeidet med elektronisk kurve i KULE-prosjektet.

I løpet av 2016 har det vore sterkt aukande legemiddelkostnad særskilt knytt til nye behandlingsmetodar innan kreft og nye biologiske legemiddel. Kostnadsutviklinga krev god styring og kontroll ved legemiddelbestilling og bruk. Sjukehusapoteka Vest har fokus på dette i tett samarbeid med dei andre sjukehusapotekføretaka i Norge og helseføretaka i Helse Vest. Dette arbeidet vert vidareført i 2017.

Innan publikumsekspedisjon er fokus på å innrette drifta i samsvar med ESA krav som vart gjeldande frå 2015. Denne delen av verksemda vart og skattepliktig frå og med 2015. For publikumsverksemda gjeld krav til inntening som tilseier tilfredsstillande avkastning på linje med alternativ bruk av kapital og avkastning elles i apotekbransjen. Det gjort tiltak for vidareutvikle verksemdsområdet med fokus på tiltak for å betre inntening og samstundes styrkje publikumsutsala sin rolle i pasientbehandlinga på sjukehusa.

Ein har hatt særskild satsing på førebygging av sjukefråvær gjennom internrevisjon, reviderte IA mål, opplæring av leiarar, tillitsvalde og verneteneste, bruk av bedriftshelsetenesta og fokus på funksjonsevne. Samstundes har arbeid med vald, trugslar og truande åtferd fått auka fokus i 2016 og IA mål er revidert. SAV auka aktiviteten på sosiale media i 2016.

ARBEIDSMILJØ OG PERSONALE

Organisering

Sjukehusapoteka Vest er organisert i organisasjonsstruktur med apotek og stabsavdelingar som nivå 2 og avdelingar som nivå 3, og avdelingsleiarar med like fullmakter innan områda fag, økonomi og personale. Fullmaktmatrisa gir tydeleg avgrensing av myndigheit på dei 3 fullmaktsnivåa og inngår i leiaravtalar ved tilsetting. Beskriving av stillingar på alle nivå tydeleggjer ansvar innan etikk, ytre miljø og prosessleiing forutan leiar/medarbeidarkrav og konkrete arbeidsoppgåver.

Rekruttering

SAV har i 2016 halde fram med fokus på kvalitet i rekruttering. Ein har delteke på Farmasidagane i samarbeid med dei andre sjukehusapotekføretaka i Noreg, delteke på fag- og utdanningsmesser og brukar sosiale media for å treffe potensielle tilsette. Rekruttering av leiarar er framleis ein utfordring.

Kompetanseutvikling

Kompetanseutvikling er heimla i føretaket sin strategi og konkretisert i årleg handlingsplan for kompetanse. Ein har arbeidd med kompetanseplanar i Kompetanseportalen sett i relasjon til prosessar i verksemdstyringssystemet. Fokus på arbeidsplassen som læringsarena, utvikling av leiarar, kundekommunikasjon og sal samt klinisk farmasi held fram.

Dei totale tala på kursdeltaking aukar noko frå 2015, frå 1717 til 1881. Sjukehusapoteka Vest hadde i 2016 tilgjengeleg 171 e-læringskurs (159 i 2015) og 65 klasseromskurs tilgjengeleg (58 i 2015). Kvar tilsett i SAV har teke i gjennomsnitt 7,6 kurs i 2016, ein liten nedgang frå 7,8 i 2015.

Systematisk Helse Miljø og Tryggleik :

Føretaket har i 2016 vidareført fokus retta mot helsefremjande arbeidsmiljø i høve til Helse, miljø og tryggleik (HMT) mål *Vi skal sikre forsvarlig sykehusapotekdrift som verner om menneske, miljø, samfunn og eiendeler*. HMT er fast sak i styre- og leiarmøte, samt i samhandling med fagorganisasjonane og i arbeidsmiljøutval (AMU). Ein har forenkla struktur på lokalt samarbeid om arbeidsmiljø for å sikre betre kvalitet. Årsmelding 2016 for Føretaksarbeidsmiljøutvalet (FAMU) var handsama i FAMU sitt møte 17.02.2017 og i Styremøte 01.03.17.

Hovudområda i HMT handlingsplan har vore;

- IA - sjukefråvær
- Systematisk HMT
- Avvikshandtering
- Ytre Miljø
- Psykososialt arbeidsmiljø, og arbeidsmiljøpris
- HMT kartlegging - HMT handlingsplan

Sjukehusapoteka Vest HMT system er heimla i Helse Vest sin HMT-strategi.

Registrerte HMT-avvik i 2016 viser ein svak auke samanlikna med tidlegare år (67 i 2016 mot 53 i 2015). Ein ser dette som eit uttrykk for underrapportering tidlegare år og høgare bevisstheit om registrering og melding. HMT avvik vert handsama i FAMU. Majoriteten av HMT avvika er knytt til stikk og kutt, tunge løft og trugande situasjonar. Ei hending er karakterisert som alvorleg skade for tilsett i 2016. Det er ikkje registrert ulykker i 2016. SAV IA mål vart revidert i arbeid med fagforeiningane, Føretakshovudverneombod og FAMU. Sjukefråvær var tema i HMT internrevisjon i 2016.

Sjukefråvær:

Fokus på sjukefråvere har halde fram i 2016. Det totale sjukefråveret i Sjukehusapoteka Vest i 2016 var i snitt 7,8 % mot 8,1 % i 2015. Trend sjukefråvere 2016 er fallande. Føretaket si målsetting er, i tråd med målsetning for Helse Vest, å få sjukefråveret ned i 5,5 %. Som delmål i nye IA mål er det fallande trend inntil mål og 5,5 % er nådd og 20 % reduksjon i korttidsfråvær innan 2 år. Sjukefråvere har samanheng med fleire forhold, da spesielt leiing, kultur og medarbeidarskap, kvalitet i rekruttering og organisering av arbeidsprosesser. Føretaket har ei rekke systematiske tiltak innanfor desse alle desse områda.

Likestilling:

Sjukehusapoteka Vest er ein kvinnedominert arbeidsplass. Av i snitt 243 tilsette i 2016 var det 29 menn. I leiargruppa var fordelinga 4 kvinner og 4 menn. Styret i føretaket var per 31.12.16 sett saman av 5 kvinner og 4 menn. Av 4 sjukehusapotekarar er det 1 mann. Av 12 avdelingsleiarar er 1 mann. Sjukehusapoteka Vest har lik handsaming av kvinner og menn ved rekruttering, lønnsfastsetjing og utvikling. Ein har i høve til lovverk ikkje moglegheit til å be menn særskild om å søka stilling. Der det er mogleg å jamstille gjennomsnittsløna for kvinner og menn, er det ingen skilnader i lønnsnivå. Omfanget av overtid er relativt sett jamt fordelt mellom kvinner og menn.

Inkludering, mangfald og likeverd:

Helseføretaks gruppa i Helse Vest har felles regional målsetting for inkludering og mangfald som skal spegla samfunnet og gjera oss i stand til å møte mangfaldet blant pasientar og pårørande.

Målet er at mellom 6 og 10 % av medarbeidarane skal ha innvandrarbakgrunn, fordelt omtrent likt mellom vestlege og ikkje vestlege innvandrarar. Ved annonsering og rekruttering vert dette opplyst om og følgd opp. Personalleiarar vert kursa i rekruttering og

temaet diskriminering grunna kjønn, etnisk opphav, og funksjonshemming er del av denne opplæringa.

Siste tal frå Statistisk Sentralbyrå (SSB) syner at føretaket har totalt har 19,8 % medarbeidarar med innvandrarakgrunn for delt på 13,9 % frå EU/EØS, USA, Canada, Australia og New Zeeland og 5,9 % frå Asia, Afrika, Latin-Amerika og andre land.

Talet på årsverk:

Talet på brutto årsverk i gjennomsnitt i 2016 var 213 mot 207 året før. Talet på netto årsverk i gjennomsnitt i 2016 var 177 mot 166 året før.

YTRE MILJØ

Verksemda i Sjukehusapoteka Vest kan i nokon grad føre til ureining eller utslepp som kan vere til skade for det ytre miljøet. Sjukehusapoteka Vest vart miljøsertifisert i 2014, etter standarden ISO 14001:2004. Føretaket har og i 2016, hatt merksemd på drift av systemet som er etablert gjennom oppfølging i linja og ved internrevisjon. Arbeidet med miljøstyring aukar føretaket sin kjennskap til miljøkonsekvensane av eiga verksemd med fokus på miljøpolitikk for å endre verksemda i ein meir miljøvennleg retning. Det er og oppretta ein funksjon som miljøkoordinator ved kvart apotek og i føretaksadministrasjonen. Kvalitetsleiar har ei koordinerande rolle for dette arbeidet i organisasjonen.

Forskning og utvikling

Sjukehusapoteka Vest HF har aktivitet innan forskning gjennom forankringsavtaler for to doktorgradsstipendiatar ved Universitetet i Bergen løna frå Sjukehusapoteka Vest HF. I tillegg er det inngått forankringsavtale for forskar (professor) ved Universitetet i Bergen som har tilskot av driftsmidlar. Alle dei tre avtalene er finansiert av Helse Vest.

ÅRSREKNESKAPEN

Etter styret si oppfatning gjev årsrekneskapen ei rettvise oversikt over utviklinga og resultatet av føretakets verksemd og stilling.

Risikoforhold

Føretaket er i mindre grad eksponert for endringar i valutakursar og endringar i flytande rente. Risikoen er låg for at motpartar ikkje har økonomisk evne til å oppfylle sine forpliktingar, då debitorar hovudsakeleg er andre helseføretak og NAV/ HELFO. Ein vurderer likviditeten i føretaket som god, og det er ikkje vedteke å innføre tiltak som endrar likviditetsrisiko.

Økonomisk drift:

Samla omsetning i Sjukehusapoteka Vest HF er i 2016 kr. 1.064.292.631 mot kr. 976.372.141 i 2015, ein auke på 9 %. Resultat frå drifta er i 2016 kr 15.345.888 mot kr. 12.967.246 i 2015, ein auke på 18 %. Endringa er knytt til lågare bruttomargin på sal av varer, lågare lønn og personalkostnader, der mellom anna pensjonskostnadane er lågare. Ikkje resultatført estimat avvik i pensjonsordninga er kr. 82.151.110. Eigenkapitalen er tilfredstillande.

Det har vore ein auke i driftskostnader. Netto finansresultat for 2016 er kr. 1.128.627 mot kr. 1.310.624 i 2015, ein nedgang på 13,9 %. Nedgang frå 2015 skuldast i hovudsak reduserte renteinntekter. Samla resultat for 2016 er kr. 16.931.442 mot kr. 15.328.890 i 2015.

Likviditet og kontantstrøm:

Likviditetsbeholdninga pr. 31.12.2016 var kr 4.811.996, som er ein auke på kr. 145.379 frå 2015. I tillegg har Sjukehusapoteka Vest innskot på konsernkontoordning i Helse Vest på kr 74.368.064. Dette inngår i regnskapet som krav på morselskapet i omløpsmidlane.

Driftsresultatet for 2016 er på kr 15 345 888, medan kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar er kr 8 900 013. Dette kan forklarast med auka krav, varelager og anna kortsiktig gjeld.

Forslag til disponering av overskott:

Styret føreslær at overskotet for 2016 vert overført til anna eigenkapital.

Overføring til anna eigenkapital	kr	16.931.442
Totalt disponert	kr.	16.931.442

Eigenkapitalen i føretaket per 31.12.2016 er:

<u>Eigenkapital</u>	<u>kr.</u>	<u>163.752.772</u>
---------------------	------------	--------------------

FRAMHALD AV DRIFTA OG UTSIKTAR FOR VERKSEMDA

Etterspurnaden etter helsetenester aukar, både som resultat av demografiske tilhøve og nye behandlingstilbod. Etterspurnaden etter varer og tenester frå Sjukehusapoteka Vest HF er tett knytt opp mot aktivitetsnivået i sjukehusføretaka, som er hovudmottakar av Sjukehusapoteka Vest sine varer og tenester. Ein legg til grunn at dette ikkje vert endra på kort sikt. Rekneskapen er difor avlagt under føresetnad om framhald av drifta.

Bergen, 29. mars 2017

Styret for Sjukehusapoteka Vest HF

Trude Marit Risnes
Styreleiar

Olav Godtfred Klausen
Nestleiar

Jon Bolstad
Styremedlem

Inger Cathrine Bryne
Styremedlem

Anne Sissel Faugstad
Styremedlem

Per Karlsen
Styremedlem

Marit Jacobsen
Styremedlem

Marianne Saugestad
Styremedlem

Gunvald Andreas Iversen
Styremedlem

Ola Rye
Konstituert administrerande
direktør